

Innspel til nasjonal lesestrategi

frå biblioteket på Bergen Katedralskole

Bergen Katedralskole er ein vidaregåande skule med over 1100 elevar fordelt på tre avdelingar, inkludert ei vaksenopplæring og ei avdeling for tilrettelagt undervising. Biblioteket fungerer som eit slags hjarte midt i det sentrale skulebygget, lett tilgjengeleg og lett synleg for alle som brukar skulebygget til dagleg.

På skuleplassen like utanfor biblioteket, står eit gammalt kastanjetre. Skulen brukar dette treet aktivt som eit symbol for læreglede og kunnskap, eit symbol på all aktiviteten som går føre seg på skulen. Difor er det passande at biblioteket ligg slik til at kunnskapstreet vårt veks rett utanfor døra: Lesinga er ei sentral evne i alt me jobbar med på Katten.

Katedralskulen i Bergen har vore i drift sidan 1153, og bibliotek har me hatt sidan starten. Erfaringar frå 870 år med skule- og bibliotekdrift sit i v1eggane på skulen vår. Kan henda kan nokon av desse koma til nytte i det nye arbeidet med ein nasjonal strategi for lesing og leselyst.

Som skulebibliotek, meiner me sjølvsagt at skulebiblioteka er ein opplagt arena for arbeid med lesedugleik og leselyst. At biblioteket er ein attraktiv stad å vera, gjer det også til ein eigna stad for elevane å møta lesinga og litteraturen på deira eigne premiss.

På skulebiblioteket kan elevane jobba, lesa, skriva, prata, henga, spela, sova, dansa, synga, grina og le. Dei kan vera seg sjølve utan å tenkja på at ein lærar eller ein annan autoritetsperson skal vurdera innsatsen deira, framferda deira eller kunnskapane deira. Dei kan stort sett driva med det dei vil, så lenge det ikkje går ut over dei andre elevane i rommet.

Skulebibliotekarar har såleis ein ganske unik posisjon i skulen. Me vert kjende med elevane og liva deira slik dei er når dei «berre» er saman jamaldringar, for det tek ikkje lange stunda før dei har gløymt at det er ein vaksen til stades. Me får vita alt om skuleliv, kjærleiksliv, familieliv, deltids arbeidsliv, festliv og fritidsliv, og slik sett har me ei ganske privilegert rolle som med litt kløkt kan brukast til inntekt for lesinga og litteraturen.

Me kjenner elevane, og me kjenner bøkene me har på hylla. Eg som jobbar på Katten, kan med ganske god presisjon navigera meg fram til lesestoff eg trur kan passa både for

den karismatiske og omsorgsfulle elevrådsleiaren, for den ganske usikre, men samstundes ekstroverte framtidige kjemikaren i vg1, for beatpoeten i avgangskullet som skal på Nansenskulen til hausten og for den ekstremt pliktoppfylgjande dyslektikaren som helst vil vera på skulen også etter stengetid.

At rett bok kjem fram til rett lesar er den heilt grunnleggjande og avgjerande byggeklossen for alt arbeid med lesegledede og leselyst.

1. Kva meiner du/de er dei største utfordringane knytt til lesing og leselyst?

Sidan me meiner skulebiblioteka må stå sentralt i arbeidet med lesestrategien, er det også her me meiner utfordringane ligg. For å kunna driva eit skulebibliotek slik skulebibliotek skal drivast, må me ha nok **ressursar**.

På ein skule med over 1100 elevar er det ikkje nok med *ein* fulltidstilsett bibliotekar. Då får eg ikkje *sett* og prata med alle elevane samstundes som eg skal utvikla ei boksamling, fylgja med på innhaldet i undervisingsplanane i alle fag, medverka med bibliotekfagleg kompetanse i klasseroma og leggja forholda til rette for mange typar aktiv formidling og rettleiing i biblioteket.

Det er heller ikkje nok med 40.000 kr i årsbudsjett til innkjøp av bøker, spel og filmar til biblioteket. Det tvingar meg til å skaffa innhald til biblioteket på alternative måtar, men denne kreativiteten går også ut over tida eg helst skulle ha brukt på elevane og lesearbeidet.

Samstundes veit eg at biblioteket vårt er mykje betre rusta enn mange andre skulebibliotek i den vidaregåande skulen. Mange stillingar er mykje mindre enn vår, og mange har 0 kr til innkjøp. Me meiner det er eit grunnleggjande demokratisk problem at elevane våre har betre føresetnader til å verta glade i å lesa, enn det elevane som går på skule på andre sida av Puddefjorden har.

2. Kva vil vera dei viktigaste målgruppene for strategien?

Sidan me meiner skulebiblioteka må stå sentralt i arbeidet med lesestrategien, må elevar, skuleleiing og skulebibliotekarar vera dei viktigaste målgruppene. Det er *elevane* som er framtida, og det er dei som må prioriterast som framtidige lesarar. Det er *skuleleiingane* som bestemmer kor mykje dei vil satsa på skulebiblioteka, og såleis dei som avgjer kor gode lesetilhøve elevane får møta. Det er *skulebibliotekarane* som møter

elevane kvar dag, og som skal jobba saman med dei for å gjera framtida deira full av lystlesing og gode leseevner.

3. Kva bør dei viktigaste tiltaka i strategien vera?

Det viktigaste ein kan gjera, er å satsa på skulebiblioteka. Og ein må satsa langsiktig og rettferdig.

Sats på ein nasjonal standard for skulebiblioteka. Syt for at *alle* får tilgang til eit likt tilbod. Lag tydelege retningslinjer og ei instruerande forskrift til opplæringslova.

Sats på ressursar i skulebiblioteka. Både i form av stillingsprosentar og innkjøps- og utviklingsbudsjett.

Sats på kompetanse i skulebiblioteka. Gode skulebibliotekarar treng ikkje nødvendigvis ha bibliotekutdanning, men dei må ha gode pedagogiske og sosiale evner, samt kompetanse på lese- og litteraturfeltet.

4. Har de gode døme på kva som medverkar til leselyst?

Eit godt skulebibliotek avlar leselyst. Det ser eg kvar einaste dag. Sjølv om eg ideelt sett skulle ha sett det oftare. Eg ser det når elevane mine trivst på biblioteket, eg ser det når dei plutsleg pratar ei bok dei har lese i staden for å prata om kva som skjedde på revyfesten, eg ser det når dei ber meg om hjelp til å finna noko som likna på den boka dei las for tre månader sidan, og kanskje ikkje den boka dei las i førre veke, og eg ser det når sola for ein gongs skuld gløttar fram og jentene i 3c flyttar benken ut av skuggen og set seg ned med kvar si engelske pocketbok.

For at elevane skal halda fram med dette, må dei ha **synlege leseføreibilete**, dei må ha **synlege bøker** og dei må ha ein **synleg lesekultur**. Det får dei på biblioteket.

5. Er det andre viktige område me må hugsa på?

Skulebibliotek, skulebibliotek, skulebibliotek. Til alle elevar. Og ein langsiktig plan. Det er det de må hugsa på.